

Årsmelding 2016



Sogn regionråd

Innhold

| | | |
|----------|--|-----------|
| 1 | Sogn regionråd | 3 |
| 1.1 | Møte og deltaking | 3 |
| 1.2 | Arbeidsgrupper..... | 3 |
| 1.3 | Rekneskap – økonomiske resultat..... | 3 |
| 2 | Aktivitetar i 2016 | 4 |
| 2.1 | Næringsutvikling..... | 4 |
| 2.1.1 | Regionale møteplassar..... | 4 |
| 2.1.2 | Reiseliv | 4 |
| 2.1.3 | Tilflytting og rekruttering..... | 4 |
| 2.2 | Regionalt barnehage- og skulesamarbeid | 5 |
| 2.3 | Samferdsle..... | 10 |
| 2.4 | Helse..... | 10 |
| 2.5 | Kommunereforma | 10 |
| 2.6 | IKT..... | 11 |
| 2.6.1 | Fellesordningar i Sogn regionråd | 11 |
| 2.6.2 | Samarbeid i fylket | 11 |
| 2.6.3 | Geografisk informasjonssystem (GIS) | 11 |
| 2.7 | Samarbeidsfora i Sogn regionråd | 12 |
| 2.7.1 | Rådmannsgruppa | 12 |
| 2.7.2 | Regionale nettverk..... | 12 |
| 2.8 | Orienteringar og gjesteforedrag..... | 13 |
| 2.9 | Rapportar | 14 |
| 2.10 | Fråsegner frå Sogn regionråd | 14 |
| 3 | Rekneskap | 15 |
| 3.1 | Rekneskapsoversikt | 15 |
| 3.2 | Bruk av fond | 16 |

1 Sogn regionråd

1.1 Møte og deltaking

Sogn regionråd er eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27. Medlemskommunane er Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

Ordførarane i kommunane er faste medlemmar i regionrådet. Rådet si samansetjing var slik:

Høyanger kommune, Petter Sortland (leiar)
Aurland kommune, Noralv Distad
Balestrand kommune, Harald N. Offerdal
Leikanger kommune, Jon Håkon Odd
Luster kommune, Ivar Kvalen
Lærdal kommune, Jan Geir Solheim
Sogndal kommune, Jarle Aarvoll
Vik kommune, Olav Turvoll
Årdal kommune, Arild Ingar Lægreid

Sogn regionråd hadde 7 møte:

10. februar, Bergen
8. april, Vik
12. mai, Årdal
17. juni, Luster
16. september, Lærdal
28. oktober, Leikanger
9. desember, Høyanger

Rådet handsama 34 saker i løpet av året.

Det var ordførarmøte 17.-18. august i Bergen og felles formannskapsdag 30. september i Sogndal.

Sogn regionråd har eige sekretariat med dagleg leiar tilsett i full stilling.

1.2 Arbeidsgrupper

Arbeidsgruppene gjev tilråding til regionrådet innan sine saksområde og har ikkje vedtaksmynde. Det er laga retningslinjer for arbeidsgrupper. Arbeidsgruppene hadde følgjande møteaktivitet:

- Samferdslegruppa (4 møte)
- Helsegruppa (1 møte)
- Næringsutviklings-/RUP-gruppa¹ (3 møte).

1.3 Rekneskap – økonomiske resultat

Rekneskaper for 2016 vert revidert som ein del av rekneskaper i Sogndal kommune.

¹ Regional utviklingsplangruppe

Sogn regionråd fekk totalt tilført inntekter på kr 7 626 350. Av dette utgjør eksterne midlar kr 1 724 969 og refusjon frå kommunane kr 5 147 167, inkludert kr 3 318 000 i kontigentmidlar.

Det er brukt kr 1 222 835 av bundne fond, medan ubrukne midlar kr 762 628 er avsett til fond. Negativt netto driftsresultat er kr 460 207.

Renteinntektene for fondsmidlane utgjør kr 84 210, og er avsett til fondsmidlar kontigent. Meirverdiavgiftkompensasjonen utgjør kr 724 214.

Detaljar i rekneskapen og gjennomgang av bruken av fondsmidlar går fram av punkt 3 i årsmeldinga.

2 Aktivitetar i 2016

Sogn regionråd har skissert mål og strategiar for prioritering av regional utvikling i "Regionalplan for Sogn 2013-2016". Strategiplanen tek utgangspunkt i regionale utfordringar om folketalsutvikling-/framskriving, sysselsetting og næringsstruktur. Sogn regionråd har tre satsingsområde: Næringsutvikling, samferdsle og helse. Tiltaksplanen blir rullert årleg.

RUP-gruppa følgjer opp arbeidet med regionalplanen og samarbeidsavtalen med fylkeskommunen.

2.1 Næringsutvikling

2.1.1 Regionale møteplassar

Sogn regionråd byggjar nettverk og samhandlingsarenaer og ønskjer å bidra til å styrka samarbeidet med næringsliv, utdanningsinstitusjonar, forskingsmiljø og organisasjonar. Møta i regionrådet er også arena for slik dialog og samhandling.

Vi samarbeider med forskings- og utdanningsinstitusjonar innanfor det regionale programmet for barnehage- og skuleutvikling.

Næringssefane i dei ni kommunane har møte om lag fire gonger i året for samhandling kommunane imellom og møter næringsliv og forskings- og utdanningsmiljø.

2.1.2 Reiseliv

Sogn regionråd bidreg til den felles reiselivssatsinga i Sogn. Rådet gav kr 240 000 i tilskot til Visit Sognefjord AS til internasjonal og nasjonal marknadsføring av Sognefjorden og reiselivsprodukta i Sogn og kr 50 000 til Vinterkampanjen for Sogn.

2.1.3 Tilflytting og rekruttering

Karrieremesser

Sogn regionråd arbeider for å sikra busetjing og rekruttering til regionen. Sogn regionråd løyvde kr 60 000 i tilskot til Framtidsfylket sine messer i Trondheim, Oslo og Bergen.

Karrieremessene som Framtidsfylket arrangerer gir oss høve til å profilera regionen og breidda i arbeidsmarknaden. Regionrådet koordinerer kommunane si deltaking på messene og stiller med regionstand. Rådet dekkjer utgiftene til regionstand og til felles brosjyre- og profileringsmateriell.

Evalueringane viser at messene er ein viktig arena for nettverksbygging og møteplass for studentar, potensielle arbeidstakarar og næringsliv.

Bustadutvikling

Arbeidet med å utarbeida regional bustadstrategi starta opp i 2016. Kommunane og eksterne støttespelarar som Husbanken, Distriktsenteret, fylkeskommunen og Fylkesmannen var med i arbeidsgruppa. Bygginge- og eigedomsnæringa deltok i møte i mai og diskuterte bustadbehov, utfordringar og moglege løysingar. Bustadstrategien får fram moglege løysingar, gode grep og verkemiddel der kommunane kan bruka handlingsrommet. Sogn regionråd sende bustadstrategien for godkjenning til kommunane og oppmoda om vidare deltaking. Prosjektleiari var Arne Kringlen frå Norconsult.

Auke tal lære plassar

Sogn regionråd ønskjer å bidra til å styrka tilbodet og auka tal lære plassar i kommunane og private verksemdar. Sogn regionråd inviterte Sogn og Fjordane fylkeskommune, NHO og LO på fylkesnivå til ein partnerskapsavtale for fleire lære plassar, og avtalen vart signert i samband med regionrådsmøtet 8. april. Formålet med å arbeida gjennom partnerskapen er å samordna innsatsen slik at vi aukar tal lære plassar i Sogn, og sikrar rekruttering av fagarbeidarkompetanse i arbeids- og næringsliv.



Tre av partane LO Sogn og Fjordane, Sogn regionråd og Sogn og Fjordane fylkeskommune signerte avtalen. NHO signerte avtalen etter møtet.

2.2 Regionalt barnehage- og skulesamarbeid

Det regionale utviklingsprogrammet "System for styrka læring" byrja formelt i januar 2013. Regionrådet vedtok overordna programplan i 2014. Målet er å styrke læringsutbyttet for alle elevane, gjennom auka bruk av tilpassa opplæring og redusert omfang av spesialundervisning. Dette målet skal vi nå gjennom arbeid med seks strategiområde: 1. Lærande organisasjon/fagnettverk, 2. Entreprenørskap, 3. Psykisk

helse og emosjonell kompetanse, 4. Tidleg innsats, 5. Vurdering for læring og 6. Motivasjon og meistring/ungdomstrinn i utvikling. Sogn regionråd har tilsett programleiar i full stilling.

Pilotprosjektet «Frå spesialundervisning til tilpassa opplæring»

Dette kan seiast å vera eit av dei viktigaste tiltaka i «System for styrka læring». Målet er å finne fram til korleis vi kan styrka tilpassa opplæring og redusere omfanget av spesialundervisning. Vi nyttar tilgjengeleg analyseverktøy, og ser på organisering, planlegging og tilrettelegging av undervisninga. Fem skular i regionen deltek: Gaupne barneskule, Leikanger barneskule, Leikanger ungdomsskule, Feios skule og Flatbygdi skule. Statped Vest er drivarane av prosjektet, og deltek med to rådgjevarar. Dei har tre møte kvart halvår med kvar av skulane. PPT (pedagogisk-psykologisk teneste) er sterkt deltakande i prosjektet. Tilbakemeldingane frå skulane som har delteke er særst positive. Prosjektet starta februar 2015 og dei fem skulane deltek i to år. Andre skular vil få høve til å vera med når desse fem er avslutta prosjektperioden.

Entreprenørskap

Entreprenørskap handlar om varierte og motiverande undervisnings- og læringsformer, praktiske og livsnære aktivitetar for elevane, samarbeid med lokalt næringsliv, organisasjonar og livet utanfor skuleporten, og fagnettverk i entreprenørskap er eitt av dei. Rektorar, inspektørar, rådgjevarar og lærarar møtest kvar haust til erfaringsutveksling, påfyll, refleksjon og diskusjon. Vi avsluttar arbeidet med entreprenørskapsmesse i mai. Årdal kommune var vertskap 12. mai 2016. Der deltok alle 8. klassingane i regionen, og blir inspirerte av dei 26 elevbedriftene frå 9. klasse som hadde kvalifisert seg til den regionale finalen. I tillegg til besøk hjå lokale verksemder, får alle elevane føredrag i plenum frå ein lokal gründer. Med 600 elevar frå dei 12 ungdomsskulane vert messa også eit viktig møtepunkt for elevane sjølve. Dette byggjer lokal og regional identitet og forankring hjå ungdomane i Sogn.



Sorrihop frå Flatbygdi skule i Vik var ein av seks vinnarbedrifter og vann i kategorien Beste elevbedrift.

Fagnettverk

Vi har 8 nettverk for barnehagane i regionen, 7 av dei svarer til fagområda i rammeplanen for barnehagen. I tillegg er det eit styrarnettverk. Høgskulen på Vestlandet er ein viktig samarbeidspart for å sikra det faglege arbeidet.

Fagnettverket «Etikk, religion og filosofi» drog på studietur til Roma 9.-12 mars. 22 deltakarar fekk ta del i eit program tettpakka av kulturhistorie og filosofiske betraktningar. Erfaringane deler dei på nettsidene for fagnettverk barnehage (fagnettverk.wikispaces.com). Barnehagelærarar frå Luster kommune var ansvarlege for studieturen. Studieturane vert i hovudsak dekkja av midlar frå Utdanningsdirektoratet som Fylkesmannen tildeler til dei fire regionane i fylket.

For skulane har vi 21 fagnettverk. Nettverka er tufta på gjensidig forplikting og handlar om å dele, bruke og skape ny kunnskap. Då oppnår vi også eit høgare læringsutbytte. Vi har eit årleg evalueringsmøte i april, både for barnehage- og skulenettverka.



22 barnehagetilsette frå Sogn på studietur til Roma 9.-12. mars. Paul Otto Brunstad, teolog og professor, var med som kjentmann.

Lærande barnehagar i Sogn

På oppdrag frå Sogn regionråd undersøkte Høgskulen i Sogn og Fjordane (no Høgskulen på Vestlandet) om barnehagane i indre Sogn er lærande organisasjonar. Rapporten *Barnehagar som profesjonelle praksisfellesskap? Ein studie av lærande barnehagar i indre Sogn* viser til at kommunane som organisasjonar ser ut til å variera som ramme for organisasjonslæring, medan barnehagane som samla system står fram som eitt tett, integrert fellesskap. Det nettverksorganiserte utviklingsarbeidet i indre Sogn framstår som eit godt døme på korleis arbeidsplassbasert utviklings- og kunnskapsarbeid kan organiserast i stor skala på måtar som byggjer lærande organisasjonar. 228 informantar frå regionen var med på undersøkinga. Øyvind Glosvik, Gunstein Pytte, Anne Grethe Sønsthagen gjennomførde forskingsprosjektet.

Psykisk helse

Partnerskapsavtalen for styrka psykisk helse for barn og unge vart inngått for to år sidan mellom Høgskulen i Sogn og Fjordane (no Høgskulen på Vestlandet), RKBU Vest (Regionalt kunnskapscenter for barn og unge Vest, Uni Research Helse), HEMIL-senteret (Senter for forskning om helsefremmende arbeid, miljø og livsstil, Universitetet i Bergen), Utdanningsforbundet og Sogn regionråd. Partnerskapen har gitt auka kompetanse for dei som arbeider i barnehage og skule, gode verktøy og meir tverrfagleg innsats. Helse Førde vart med i partnerskapen i 2016 og signerte avtalen med dei fem andre partnerane 11. november. Helse Førde ser svært positivt på den måten kommunane har teke ansvar og driv systematisk kvalitetsutvikling på. Dei vil bidra med kompetanse og ressursar for psykisk helsefremming for barn og unge.

Sogn regionråd tok initiativ til å få laga regional plan for arbeidet for god psykisk helse hjå barn og unge. Målet med planen er at arbeidet med å styrka barn og unge si psykiske helse og trivsel får større merksemd i regionen. Planen inneheld felles regionale tiltak som å samarbeid om satsingsområde, strategiar, fagnettverk og tilgang til eksterne og interne ressursar. Alle tilsette i barnehagar og skular skal få 10 timar basisopplæring innan fem område: Haldningar og bakgrunnskunnskap, kva som fremjar psykisk helse, kjensler – å forstå dei og handtere dei, risikofaktorar i barnehage og skule og om å handtera teikn på vanskar.

Kommunane er involverte breitt i arbeidet med å utarbeida felles regionale tiltak. Vi har fått midlar frå Fylkesmannen og fylkeskommunen til arbeidet. Planen er utarbeidd i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane. Sogn regionråd vedtok planen i møtet 9. desember og planen vart sendt til kommunane for politisk handsaming. Kommunane må konkretisera og forplikta innsatsen med å styrka barn og unge si psykiske helse. Planen er eit felles verktøy som skal prega arbeidet med å styrka barn og unge si psykiske helse og er meint å vera eit dokument til aktiv bruk i kommunane.

Motivasjon og meistring

Ungdomstrinn i utvikling er ei nasjonal satsing og satsingsområda er dei grunnleggjande ferdigheitene i rekning, lesing, skriving eller klasseleiing. Målet er meir praktisk og variert undervisning som skal motivere til betre læring og auka gjennomføring i vidaregåande skule. Tiltaka er skulebasert kompetanseutvikling, der alle tilsette og leiing deltek, lærande nettverk og pedagogiske nettressursar som ligg på Utdanningsdirektoratet sine nettsider.

Gjennom 2016 har alle ungdomsskulane i Sogn samarbeidd med Høgskulen om sitt satsingsområde. Utviklingsarbeidet blir koordinert med dei andre utviklingsområda i System for styrka læring, men blir prioritert ekstra i perioden med skulebasert kompetanseutvikling. Balestrand og Leikanger, som starta fyrst, har gjennomført heile denne delen av utviklingsarbeidet. Dei andre kommunane starta opp samarbeidet med skulebasert kompetanseutvikling hausten 2016. Dette arbeidet går over 1,5 år. Opplæringsksamlingane for skuleeigarar/leiarar og ressurslærarar føl same periode. Utviklingsrettleiingar samordnar arbeidet og føl opp ressurslærarane sitt arbeid på samlingane til Utdanningsdirektoratet og tilbake til kommunane.

Lesing, skriving, rekning og klasseleiing har vore gjennomgåande tema i nettverka i regionen og hovudtema på dei felles fagnettverka. Utdanningsdirektoratet dekker av utviklingsrettleiingarstillinga med 75% og Sogn regionråd 25%.

Ordførarar, skuleleiarar og lærarar, tilsaman 30 deltakarar, reiste på studietur til København 11.-14. april. Målet var å læra meir om entreprenørskap, innovasjon og praktiske og varierte undervisningsmetodar i Danmark. Turen styrka samarbeidet, kjennskap og delingskultur. Midlar frå Fondet for dansk-norsk samarbeid og oppsparte fagnettverksmidlar finansierte studieturen.



Ordførarar, skuleleiarar og lærarar var med på studieturen til Danmark.

Formidling og kommunikasjon

For å bli stadig betre må vi lære av andre, samstundes som vi må formidle kva vi held på med sjølve. Det er ei stigande interesse for barnehage- og skuleutviklinga i Sogn. Nokre stikkord for 2016:

- 26. februar: Kronikk i fagbladet Utdanning nr 4/2016 «Gjess – we can!» av ordførar og leiar i programstyret Ivar Kvalen og programleiar Claus Røynesdal
- 27.-28. april: Numedalsregionen la studieturen for 30 personar (ordførarar, rådmenn, rektorar, styrarar og tillitsvalde) til Sogn
- 27. oktober: Presentasjon for Kunnskapsdepartementet i samband med arbeidet med stortingsmelding om kvalitet i skulen og skuleeigarskap

2.3 Samferdsle

Sogn regionråd har samferdsle som eitt satsingsområde og vi arbeider for å styrka regionen sine samferdsleinteresser. Vi har fleire prioriterte samferdsletiltak som vi aktivt arbeider for i høve avgjerdstakarar på statleg og fylkeskommunalt nivå. Rådet gav fråsegn til fylkeskommunen og Samferdselsdepartementet til grunnlagsdokumentet til NTP 2018-2027.

Samferdsleplanen for Sogn regionråd 2016-2018 vart vedteken 10. februar. Sogn regionråd har i 2016 hatt fokus på desse samferdsletiltaka innan det statlege transportansvaret og fylkesvegnettet:

1) Aust-vestsamband

Sogn regionråd arbeider for at rv 52 over Hemsedalsfjellet vert realisert som eitt av dei to hovudsambanda mellom Austlandet og Vestlandet.

2) Vikafjellstunnelen

Sogn regionråd arbeider for at oppstart vert første del av NTP 2018-2027. Vikafjellstunnelen er prioritert i gjeldande NTP 2014-2023, men var ikkje med i transportetatane sitt grunnlagsdokument.

3) Sognebåt

På oppdrag frå Sogn regionråd gjennomførde Synnøve Aabrekk Reiselivsrådgjeving AS utgreiing om endringar i rutetilbodet for Ekspressbåten Bergen-Sogn-Flåm-Bergen. Rapporten, som var ferdig i september, utgreidde to problemstillingar:

- 1) Utviding av sommarruta Bergen-Flåm i perioden april til oktober
- 2) Etablering av Flåm som endestopp for heilårsrute, eventuelt for november-mars

Tiltaka er å utvida sommarruta med to månader (april og oktober) frå 2017 og å utvida heilårsruta med start/stopp i Flåm i staden for Sogndal frå 2018. Næringa finansierer utvida sommarrute. For heilårsruta blir fylkeskommunen bedne om å finansiera driftskostnadane, medan næringa dekkar marknadsføring og sal. Sogn regionråd har orientert om tiltaka for fylkespolitikarane på politikardagen, i hovudutvalsmøte og med politisk og administrativ leiing.

2.4 Helse

Helsegruppa arbeider med samhandling mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta.

Alf Olsen er Sogn regionråd sin representant i koordineringsrådet i Helse Førde. Koordineringsrådet skal bidra til å utvikle og sikre kvaliteten på samarbeid og samhandling mellom partane.

Sogn regionråd tilrådde kommunane til å bidra med finansiering til investering av MR- maskin ved Lærdal sjukehus. Lærdal kommune koordinerte pengegåvene. MR-maskina var fullfinansiert hausten 2016.

2.5 Kommunereforma

Kommunane i Sogn regionråd deltok i felles utgreiing om kommunestrukturalternativ. Etter handsaminga i kommunane vedtok kommunane Balestrand, Leikanger, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal å delta i det vidare arbeidet med å forhandla fram intensjonsavtalar for ein ny kommune i Sogn.

Arild Sørum Stana frå KS-Konsulent vart leigd inn som prosess- og prosjektleiar for arbeidet med intensjonsavtalar. Kommunane Balestrand, Leikanger, Sogndal og Vik vart samde om intensjonsavtale for ny kommune. Fylkesmannen har løyvd kr 1 040 000 av skjønsmidlar til Sogn regionråd til arbeidet med kommunereforma.

2.6 IKT

2.6.1 Fellesordningar i Sogn regionråd

Overordna samarbeidsavtale

Samarbeidsavtalen mellom kommunane i Sogn regionråd og Sogn og Fjordane fylkeskommune regulerer samarbeidet om IKT-tenester, og det er laga to delavtaler mellom samarbeidspartane:

- **Kommunenett:** Kommunikasjonsnettet bind kommunane saman med felles oppkoplingspunkt til fylkeskommunen. Løysinga er grunnlaget for digitale fellesløysingar.
- **GIS-løysing:** Sogn regionråd har avtale med fylkeskommunen om drift av GIS-systemet.

IKT-faggruppa

IKT-faggruppa følgjer opp felles avtalar og er arena for IKT-relaterte problemstillingar i Sogn regionråd. Gruppa rapporterer til rådmannsgruppa. Det var to møte i 2016. Leiar var Geir Svendsen, Vik kommune.

2.6.2 Samarbeid i fylket

Breibandforum

Sogn regionråd sin representant i Breibandforum er Geir Svendsen, Vik kommune.

IT-forum Oppvekst og Utdanning

Nettverket arbeider for å finna løysing for digitalt samarbeid på tvers av skulesteg. Sogn regionråd sin representant var Jarle Christensen, Vik kommune.

2.6.3 Geografisk informasjonssystem (GIS)

Kommunane i Sogn regionråd har felles GIS-løysing med programvare for oppdatering av kartdata og forvaltning av kommunale avgifter. I tillegg har kommunane felles kartløysing på web der kartdata er tilgjengeleg for publikum. Sogn regionråd har tilsett GIS-koordinator i full stilling. GIS-koordinator rapporterer fagleg til dagleg leiar og rådmannsgruppa er styringsgruppe.

Adresseprosjektet

Prosjektet for å få på plass vegadresser i regionen starta i 2012 og vil halda fram i 2017:

- Kommunane Lærdal og Vik er ferdige med adressesetdelingane.
- Kommunane Sogndal, Luster, Årdal og Aurland jobbar aktivt med tildeling av nye gateadresser.
- Det vart lyst ut skiltanbod for kommunane på hausten. Konkurransen bestod av to delar:
 - 1) Skilt og monteringsmateriell (inkludert opsjon på nummerskilt og trafikkskilt)
 - 2) Tenestekontrakt: Oppsetting og montering av skilt.
- Etter avslutta konkurranse er det inngått kontrakt med leverandør for skilt.
- Skilting av vegane med adressenamnskilt skal pågå i 2017.

Kompetanseheving

Det er gjennomført intern og ekstern opplæring for nye medarbeidarar og sakshandsamarar i regionen for bruk av GIS-verktøy:

- Innføring i bruk av GIS-line/GIS-gardskart, QMS vatn og avløp, oppmåling, skiltplan og arealplanlegging (14 personar).
- Kurs i oppdatering av bygningar (10 personer) og vegnett (6 personer).
- Fagdag i matrikkelutfordringar med representantar frå kommunane.
- Kurs i GIS-analyser og bruk av QGIS.

GIS og KomTek programvare

GIS-line programvare vart oppdatert på alle terminalserverer i januar, april og november. Det er installert ny Gis serverklient i august. Det vart installert ny versjon av KOMTEK Synk og vart oppdatert programvare for kommunane og SIMAS i januar og juni. Kommunekart.com for vårt samarbeid vart installert i desember.

Kartdata i Sogneregionen

Som del av geovekstprosjektet vart det overgang til ny SOSI 4.6-kartdatastandard i november.

Samarbeid

Representantar frå regionen deltek på FDV- årsmøte for Indre Sogn, Geodatautvalget i Hordaland og Sogn og Fjordane, Norgedigital, GeoForum, Geovekstprosjektet, på Lokale plan- og kartdagar i Loen og GISLINE Brukermøte 2016 i Bergen.

Ny internettside sognekom.no er klar og skal publiserast.

2.7 Samarbeidsfora i Sogn regionråd

2.7.1 Rådmannsgruppa

Rådmannsgruppa er eit forum for erfaringsutveksling og utviklar samarbeidet om kommunal forvaltning, administrative funksjonar og tenesteproduksjonen i regionen. Dagleg leiar i Sogn regionråd deltek i møta og skriv møtereferat.

Leiar for rådmannsgruppa i 2016 var Arve Varden, rådmann i Høyanger kommune. Gruppa hadde 6 møte og blant sakene har vore:

- Arbeidsgjevarkontroll
- Fordelingsnøkkel for musea
- NAV-kontor
- Bustadstrategiar
- MR ved Lærdal sjukehus
- Skogsamarbeid
- Inntektssystemet
- Regionalt GIS-arbeid mellom anna adresseprosjekt
- Det regionale barnehage- og skulesamarbeidet «System for styrka læring»

2.7.2 Regionale nettverk

Regionale fagnettverk er arena for erfaringsutveksling og kompetanseheving for tilsette i kommunane, og gir høve for å setja tema på dagsorden, informera om aktuelle saker og samhandle med eksterne aktørar. Ungdomsnettverket vart starta opp i 2006, kulturnettverk i 2011 og næringsnettverk, HR/personal og helse- og omsorgsnettverket starta i 2012 og oppmålingsgruppa i 2013.

Barnehage- og skuleregion Sogn

Deltakarar er barnehage- og skulefagleg ansvarlege i kommunane. Utviklingsretteleiar for ungdomsskulane og programleiar for System for styrka læring deltek på møta. Det har vore fire møte. Den nasjonale satsinga Ungdomstrinn i utvikling har vore fast tema. I tillegg har fokuset vore på vidareutdanning av tilsette i barnehagar og skular, regional plan for psykisk helse, oppfølging av nasjonale prøvar og ny rammeplan for barnehagane. Torunn Liltved, Lærdal kommune var leiar fram til Bjarnhild Samland, Vik kommune overtok hausten 2016. Leiaren deltek i Skule- og barnehageutvalet og Forum for skule- og barnehageutvikling i Sogn og Fjordane.

Helse- og omsorgsnettverk

Nettverket har hatt noko utskifting av deltakarar. Der har vore seks møte, og vore handsama 37 saker. Høyringsfråsegn, drøfting av felles utfordringar og utpeiking av deltakarar til råd og utval. Tema som har vore i 2016 er overtaking av ansvar for akuttilbod for rus og psykiatrispasientar – KAD sengar (kommunal akutt døgneining) frå 2017, oppstart av arbeidet med lokal forskrift om rett til sjukeheims plass, rekruttera og behalda legar og endringar av struktur innan helse og omsorgstenestene i kommunane. Rigmor Svanberg, kommunalsjef i Årdal har vore leiar. Leiaren deltek i Forum for helse, omsorg og folkehelse.

HR-/personalnettverk

Deltakarar i nettverket er personalsjefar/personalmedarbeidarar frå kommunane. Det er halde fire møte. Tema har vore KS sitt debatthefte, opplæringskontoret/lærlingeordninga, bedriftshelseteneste, uttak av uførepensjon i KLP, organisering av arbeidsmiljøutval, og oppseiing ved sjukdom. Utanom møta fungerer nettverket som eit fagleg nettverk der spørsmål om arbeidsrett, organisasjon, løn og elles spørsmål knytt til den daglege drifta vert delt mellom kommunane. Dette er ei effektiv form for deling av kunnskap og erfaring, og styrkar både organisasjonane og den enkelte medarbeidar. Personalsjef Arnvid Hovland frå Høyanger kommune, er leiar for nettverket.

Kulturnettverk

Deltakarar er kulturleiarar eller tilsette som dekker hovudtema for det aktuelle møte. Det var tre møte i nettverket. Tema som er drøfta er organisering av samarbeidet i nettverket, oppfølging av regional plan for fysisk aktivitet og friluftsliv, den kulturelle spaserstokken, kulturminneplanarbeid og reglement og ordningar knytta til kulturmidlar. Leiar har vore tenesteleiar for kultur Martin Hendriks, Aurland kommune.

Næringsnettverket i Sogn

Deltakarar er næringsansvarlege i kommunane. Dagleg leiar i Sogn regionråd deltek på møta. Nettverket hadde tre møte. Tema var mellom anna reiseliv, industri, akkvisisjonsstrategi og gründeraktivitet. I samband med møta har nettverket besøkt Rein Glass i Aurland, Linn Bad i Vik, Norsun i Årdal og Aurland Ressursutvikling ga ei orientering i møtet i Aurland. Terje Søreide, dagleg leiar i Høyanger Næringsutvikling AS, har vore leiar i nettverket.

Oppmålingsgruppa

Det har vore 5 møte i faggruppa for landmålarane i regionen. Tema har vore felles utfordringar og rutinar for oppmålingsarbeid, felles tekst til dokumentmalar og ny felles WEB-side med informasjon til publikum.

Ungdomsnettverk

Deltakarar er ungdomsarbeidarar i kommunane. Det var eitt møte. Tema var erfaringar i dei ulike kommunane og aktivitetsplan for 2016/2017. Leiar i nettverket er Britt Marit Stadheim, Vik kommune.

2.8 Orientering og gjesteforedrag

I møta i Sogn regionråd har desse delteke med innleiingar:

Terje Mowatt, sorenskrivar Sogn og Fjordane tingrettar, Harald Hjermann, Sogn tingrett og Magni Elsheim, førstelagsmann Gulating lagmannsrett

Svein Arne Skuggen Hoff, fylkesdirektør Sogn og Fjordane fylkeskommune

Claus Røyneidal, programleiar System for styrka læring, Sogn regionråd

Bekka Skaasheim, fylkesdirektør Sogn og Fjordane fylkeskommune og Nils P. Støyyva, distriktssekretær LO Sogn og Fjordane

Grethe Hjetland, dagleg leiar Highsoft

Tone Holvik, prosjektleiar og Kåre Mentz Lysne, koordinator, Helse Førde

Vidar Aasen og Torbjørn Dale, Sognefjorden Vel

Ståle Brandshaug, reiselivsdirektør Visit Sognefjord AS
Arne Kringlen, prosjektleiar Norconsult AS
Kaare Songstad, politimeister Vest politidistrikt og Arne Johannessen, lensmann Sogndal og Luster lensmannskontor
Harald Husabø, prosjektleiar BDO
Ellen Marie Njøs Lillesvangstu, direktør og Herdis Ulveseth, assisterende direktør, NAV Økonomiteneste
Tore Thorsnes, direktør og Knut Steinar Eitungjerde, avdelingsdirektør, NAV Sogn og Fjordane
Tor Arne Ness, Jan Øhlckers og Geir Navarsete, Kaupanger næringsforening
Ståle Brandshaug, reiselivsdirektør Visit Sognefjord AS
Jørn Helgheim, rådgjevar Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane
Terje Ulvedal, informasjonssjef og Margun Thue, stadleg leiar Lærdal sjukehus, Helse Førde

2.9 Rapportar

Rapportar utarbeidd på oppdrag frå Sogn regionråd:

- Bustadstrategi for Sogn, Norconsult, 26.8.2016
- Utgreiing om endringar i rutetilbodet for Sognebåten, Synnøve Aabrekk Reiselivsrådgjeving, 1.9.2016
- Barnehagar som profesjonelle praksisfellesskap? Ein studie av lærande barnehagar i indre Sogn, 21.10.2016
- Regional analyse for Sogn, Telemarksforsking, 6.12.2016

2.10 Fråsegner frå Sogn regionråd

Sogn regionråd har gitt følgjande fråsegner i 2016:

- Organisering av domstolane i Sogn og Fjordane, 22.2.2016
- Nytt inntektssystem for kommunane, 1.3.2016
- Nasjonal transportplan 2018-2029 - innspel til Sogn og Fjordane fylkeskommune, 13.5.2016
- Planprogram til regional transportplan for Sogn og Fjordane 2018-2027, 19.5.2016
- Energimeldinga til energi- og miljøkomiteen, 31. mai 2016
- Utgreiing av ny kontorstruktur i Skatteetaten, 22.6.2016
- Nasjonal transportplan 2018-2027 til Samferdselsdepartementet, 23.6.2016
- Samanslåing av Sogn tingrett og Fjordane tingrett - til Justis- og beredskapsdepartementet, 23.8.2016
- Fv 53 Årdal-Tyin - døgnopen heilårsveg til Sogn og Fjordane fylkeskommune, 29.8.2016
- Retningslinjer for lokalisering av handel og kjøpesenter i fylket - til Sogn og Fjordane fylkeskommune, 19.9.2016
- Ny kommunelov NOU 2016:4 - til Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 26.9.2016
- Endring av konsesjonslov, jordlov og odelslov - til Landbruks- og matdepartementet, 26.9.2016
- Politireforma - til Vest politidistrikt, 3.10.2016
- Utgreiing om fylkesmannens framtidige struktur - til Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 14.10.2016
- Kapitaliseringsrente - Eigedomsskattegrunnlag for vasskraftverk - opprop til Stortinget, 23.11.2016
- KVU rv 7/rv 52 Gol-Voss til Statens vegvesen, 14.12.2016

3 Rekneskap

3.1 Rekneskapsversikt

| Deltakarkommunar: Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal | Rekneskap 2016 | Revidert budsjett | Opphavleg budsjett | Rekneskap 2015 |
|---|-------------------|-------------------|--------------------|-------------------|
| DRIFTSINNTEKTER | | | | |
| Refusjonar frå deltakarkommunar | -5 147 167 | -4 907 000 | -5 342 000 | -5 010 840 |
| Refusjon frå staten | -106 396 | | | -10 834 |
| Refusjonar frå fylkeskommunen | -3 191 | | | -294 |
| Refusjonar frå andre/private | -330 | | | -51 006 |
| Refusjon frå IKS der kommunen sjølv er deltakar | -284 074 | -215 000 | -149 000 | -194 250 |
| Refusjon sjukepengar | -52 978 | | | |
| Overføringar frå staten | -633 000 | -503 000 | 765 000 | -1 901 100 |
| Overføringar frå fylkeskommunar | -600 000 | -550 000 | -500 000 | -600 000 |
| Overføring frå kommunar | -30 000 | -40 000 | -5 000 | -59 661 |
| Overføringar frå andre | -45 000 | -45 000 | -98 000 | -23 077 |
| Mva kompensasjon | -724 214 | | | -685 552 |
| Sum driftsinntekter | -7 626 350 | -6 260 000 | -5 329 000 | -8 536 614 |
| DRIFTSUTGIFTER | | | | |
| Lønsutgifter | 1 234 888 | 1 765 000 | 1 850 000 | 1 253 822 |
| Sosiale utgifter | 389 854 | | | 381 122 |
| Kjøp av varer og tenester som går inn i kommunal tenesteproduksjon | 4 088 833 | 3 466 000 | 2 295 000 | 3 839 361 |
| Kjøp av tenester som erstattar kommunal tenesteproduksjon | 22 648 | | | 8 021 |
| Overføringar | 2 434 544 | 2 909 000 | 3 054 000 | 2 007 408 |
| Sum driftsutgifter | 8 170 767 | 8 140 000 | 7 199 000 | 7 489 734 |
| Brutto driftsresultat | 544 417 | 1 880 000 | 1 870 000 | -1 046 880 |
| Finansinntekter/finansutgifter | | | | |
| Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter | | | | 0 |
| Renteinntekter | -84 210 | | | -88 161 |
| Resultat eksterne finansransaksjonar | -84 210 | 0 | 0 | -88 161 |
| Netto driftsresultat | 460 207 | 1 880 000 | 1 870 000 | -1 135 041 |
| Avsetjing og bruk av fond | | | | |
| Bruk av bundne fond | -1 222 835 | -1 880 000 | -1 450 000 | -429 780 |
| Avsetjingar til bundne fond | 762 628 | | -420 000 | 1 564 821 |
| Sum avsetjing og bruk av fond | 762 628 | 0 | -420 000 | 1 564 821 |
| Rekneskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Oversikt over fond Sogn regionråd | | | | |
| | 31.12.2016 | | | 31.12.2015 |
| Fond Sogn regionråd - diverse prosjekt | -1 327 914 | | | -2 007 185 |
| Fond Sogn regionråd - ungdom | -85 408 | | | -85 408 |
| Fond Sogn regionråd - barnevern | -17 517 | | | -17 517 |
| Fond Sogn regionråd - barnehage | -730 614 | | | -504 238 |
| Fond Sogn regionråd - skule | -499 981 | | | -635 073 |
| Fond Sogn regionråd - Skule fagnettverk | -416 903 | | | -423 901 |
| Fond Sogn regionråd - kontigent | -645 268 | | | -329 233 |
| Fond Sogn regionråd - IKT | | | | -4 589 |
| Fond Sogn regionråd - psykolog folkehelse | -843 333 | | | -1 020 000 |
| SUM | -4 566 937 | | | -5 027 145 |

3.2 Bruk av fond

Det står kr 4 566 937 på fond pr 31.12.2016.

1. Diverse prosjekt

Kr 1 327 914 er unytta RUP-midler (regionale utviklingsprosjektmidlar) frå fylkeskommunen og kommunane, skjønsmidler frå Fylkesmannen til kommunereforma og tilbakeført meirverdiavgiftkompensasjon frå Sogndal kommune.

2. Ungdom

Kr 85 408 er midlar sett av til ungdomsnettverket og er unytta midlar frå 2013 som ungdomsnettverket disponerer i samsvar med aktivitetsplanen.

3. Barnevern

Det står att kr 17 517 som kan nyttast til barnevern til dømes kompetanseutvikling.

4. Barnehage

Unytta eksterne midlar frå Fylkesmannen til kompetanse og utvikling kr 730 614 er sett på fond.

5. Skule

Unytta midlar frå det regionale utviklingsprogrammet kr 499 981 er sett av på fond.

6. Fagnettverk

Unytta midlar frå fagnettverka utgjer kr 416 903 og er i hovudsak kontigentmidlar.

7. Kontingent

Unytta kontigentmidlar på kr 645 268 er sett på fond. Delar av sumen er renteinntekter av fondsmidler.

9. Psykolog folkehelse

Unytta midlar frå Helsedirektoratet kr 843 333 for psykolog innan folkehelse er sett på fond.



Sogn regionråd
Postboks 153, 6851 Sogndal
Telefon: 57 62 96 14
E-post: postmottak@sogndal.kommune.no
www.sogn.regionraad.no



Aurland
kommune



Balestrand
kommune



Høyanger
kommune



Leikanger
kommune



Luster
kommune



Lærdal
kommune



Sogndal
kommune



Vik
kommune



Årdal
kommune